Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ting til lægedom og vern.

Oppskr. av: Lars Per Solheim

(adresse): Loen (før Oppstryn)

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Stryn

Bygdelag: Loen

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Lisbeth Rake 73 år

SVAR

Ringar:

1. Ja, folk har brukt ringar på fingrane mot sjukdomar. Ringen var av bly, - og var imot gikt.

2. Ringane var glatte. Ein brukte dei vart nytta til omlag 1890, - og vart kalla „giktring".

3. Ukjent.

4. Nei, - ukjent.

5. Nei.

B. Armband.

6. Nei.

C. Hengesmykker.

9. Nei

11679

D. Belter.

10. Ja slike belter er kjende her, og dei vart brukt på bere kroppen.

11. Desse belta vart kalla „elektriske belte". I Olden var dei brukte fram til år 1900.

12. Desse belta var av kopar, - brune og samansette av småplater ca 2 cm². - Det kunne vere og at belta hadde töy omkring seg.

E. Oyreringar.

Desse er nok üvanlege i våre bygder. Men på enkelte som har busett seg etter ei tid å ha vore i Amerika har bore slike. - Eit slikt tilfelle kjenner ein til. - Desse ringane vart borne for at höyrsla skulle bli betre. -

Om forskjellige ting.

Om desse ting har ein ikkje funne noko. - - Men personleg kan eg (Solheim) nemna at eg i 1949 møtte ei kone frå Vestlandet som hadde ei potet i kvar kne-grop for gikt. Desse potetene hadde lege der i over 1 år, - og måtte framleis bli der. Dokteren fekk ikkje ta dei bort.

11679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING